

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Fjaler/Hallbrend, Storehagen i Førde
Dato: 06.05.2019 kl. 12.00 – 18.00
07.05.2019 kl. 09.00 – 13.20

Tidspunkt:**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Åse Gunn Husebø	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Sara Økland	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Frank Mo	Terje Kollbotn	R
Magne Fauskanger	Sara Økland	FrP

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Konst. fylkesrådmann, sak PS 41 - 42/19, på video frå Bergen
Nils Egil Vetlesand	Fung. org. og øk. direktør, sak PS 41 – 42/19, på video frå Bergen
Rune Haugsdal	Prosjektleder/fylkesrådmann, sak PS 47/19 i møte 06.05.19
Marianne Seim	Personvernombod, sak PS 48/19, på video frå Bergen 06.05.19
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte
Line Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte, på video frå Bergen, PS 45/19-51/19
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
Utvallsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 39/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 40/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 41/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet	2016/4239	
PS 42/19	Fylkesrådmannen orienterer om det er "business as usual" i fylkeskommune trass regionreforma	2016/3311	
PS 43/19	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune	2015/12605	
PS 44/19	Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2019	2016/4239	
PS 45/19	Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Revisjonsrapport	2019/685	
PS 46/19	Levering av prosjektrekneskapar frå andre enn samferdsel og eigedomsavdelinga	2016/2768	
PS 47/19	Prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune orientere om status i arbeidet med regionreforma	2016/3311	
PS 48/19	Fylkesrådmannen orienterer om status i høve innføring av ny personvernlov	2018/596	
PS 49/19	Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11222	
PS 50/19	Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte	2018/14427	
PS 51/19	Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) - Status i arbeidet ved Deloitte	2018/17548	
PS 52/19	Rekneskapsresultat for Kontrollutvalet i hittil i 2019	2016/4239	
PS 53/19	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 54/19	Referatsaker		
RS 14/19	FUV 28.03.19 - Justert møteplan hausten 2019 etter konstituerande fylkesting for Vestland fylkeskommune	2015/11149	
RS 15/19	FUV 28.03.19 - Rekneskapsrapport pr. februar 2019	2016/4239	
RS 16/19	Status for spørsmål og oversendelsesforslag pr. 28.03.2019	2015/10348	
RS 17/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019	2014/10539	
RS 18/19	Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger	2019/10150	
RS 19/19	Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 1. april 2019	2019/10758	
RS 20/19	Oversikt over tilsyn	2016/4239	
PS 55/19	Eventuelt		

PS 39/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 40/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 11.02.2019 vart samrøystes vedteke.

PS 41/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 02.09.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2018 nr. 21 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Konst. fylkesrådmann, Ingrid Kristine Holm Svendsen, og fung. fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Nils Vetlesand, presenterte på video frå Bergen årsrekneskapen for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart gjort slike endringar i uttalen.

- Ordet «denne" vart stroke i punkt 2
- Slik setning vart føyd til i punkt 2: Kontrollutvalet er samde med konst. fylkesrådmann at dette ikkje er ei bærekraftig utvikling.
- Slik setning vart føyd til i punkt 4: men kontrollutvalet vil samstundes understreka konst. fylkesrådmann si vurdering om at det i tida framover må prioriterast endå tydelegare.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 02.09.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2018 nr. 21 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale, med dei endringar som kom fram i møtet, om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

PS 42/19 Fylkesrådmannen orienterer om det er "business as usual" i fylkeskommune trass regionreforma

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at konst. fylkesrådmannen, Ingrid Kristine Holm Svendsen, kjem i møte 02.09.2019 for å orientere om ny status.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Konst. fylkesrådmann, Ingrid Kristine Holm Svendsen, orienterte på video frå Bergen om det er «business as usual» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at konst. fylkesrådmannen, Ingrid Kristine Holm Svendsen, kjem i møte 02.09.2019 for å orientere om ny status.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 43/19 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, presenterte uavhengighetserklæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei orienterte også om oppdrag dei har hatt for Hordaland fylkeskommune ut over oppdrag bestilt frå kontrollutvalet. Skriftleg oversyn vert send kontrollutvalet etter møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

PS 44/19 Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2019 vert lagt fram til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2019.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, presenterte revisjonsplan for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2019 vert lagt fram til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2019.

PS 45/19 Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Johansen, presenterte på video frå Bergen resultatet av den gjennomførte vurderinga av spesialundervisning i friskular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om å føye slik setning til i punkt 1 i innstillinga: I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular for fylkestinget 12. – 13.06.2019.

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.

3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

PS 46/19 Levering av prosjektrekneskappar frå andre enn samferdsel og eigedomsavdelinga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.

PS 47/19 Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune orientere om status i arbeidet med regionreforma

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 02.09.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.»
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, orienterte om status i arbeidet med regionreforma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 02.09.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.»
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 48/19 Fylkesrådmannen orienterer om status i høve innføring av ny personvernlov

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i møte i utvalet 25.11.2019.
2. Den skriftlege statusen bes sendt sekretariatet innan 04.11.2019.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Personvernombod, Marianne Seim, orienterte på video frå Bergen om status i høve tilpassing til ny personvernlov og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i møte i utvalet 25.11.2019.
2. Den skriftlege statusen bes sendt sekretariatet innan 04.11.2019.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 49/19 Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor, Line Johansen, frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 50/19 Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 21.05.2019 slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.06.2019 og i fylkestinget i oktober.
2. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor, Line Johansen, frå Deloitte orienterte på video frå Bergen om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 21.05.2019 slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.06.2019 og i fylkestinget i oktober.
2. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

PS 51/19 Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor, Line Johansen, frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 52/19 Rekneskapsresultat for Kontrollutvalet i hittil i 2019

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2019 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, presenterte rekneskapsrapportar hittil i 2019 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2019 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 53/19 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkesutvalet 28.03.2019
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 24.04.2019
- Utval for opplæring og helse 09.04.2019
- Utval for miljø og samferdsel 10.04.2019

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 54/19 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger

Kontrollutvalet ønskjer at konst. fylkesrådmann skriftleg orienterer til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.

RS 19/19 Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 1. april 2019

Frank Mo (R) foreslo at ein frå kontrollutvalet og ein frå sekretariatet er til stades under rettsaka som er omtalt under punktet anna, Bergen 2017, konkursbu - HFK.

Det vart røysta over dette og forslaget fekk 1 røyst for, 4 røyster mot og forslaget fall.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

1. **RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger**
Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orienterer til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.
2. **RS 19/19 Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 1. april 2019**
Kontrollutvalet ønskjer ikkje å vera til stades under rettsaka som er omtalt under punktet anna, Bergen 2017, konkursbu - HFK.
3. Referatsakene vart elles tekne til orientering.

PS 55/19 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Møteplan hausten 2019:

Fylkesutvalet har i møte 28.03.2019, jf. RS 14/19 til dette møtet, vedteke at hovudutvala berre skal ha eit møte hausten 2019, etter fylkestinget 01. – 02.10.2019. Fellesnemnda har tilsvarande gjort vedtak i møte 13.03.2019 om at alle hovudutvala i Vestland fylkeskommune skal ha eit møte før jul 2019.

Det vart semje om at kontrollutvalet på seinare møte i år skal vurdere om alle møta i møteplanen for resten av 2019 skal haldast ut frå m.a. saksmengde.

Fylkestinget er samla i Nordheimsund 12. – 13.06.2019. Det vart semje om at møtet som er avtalt til 11.06.2019 også vert halde i Nordheimsund på desse alternative tidspunkta i prioritert rekkefølge:

1. 12.06.2019 kl. 08.00 – 11.00, fortrinnsvis på Sandven hotell, der junitinget er
2. 11.06.2019 kl 10.00, fortrinnsvis på Sandven hotell

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vil på seinare møte vurdere om alle møta i møteplanen for resten av 2019 skal haldast ut frå m.a. saksmengde.
2. Kontrollutvalet ønskjer at møtet som er avtalt til 11.06.2019 vert halde i Nordheimsund på desse alternative tidspunkta i prioritert rekkefølge:
 - 12.06.2019 kl. 08.00 – 11.00, fortrinnsvis på Sandven hotell
 - 11.06.2019 kl. 10.00, fortrinnsvis på Sandven hotell